Blad i postabonnement

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

# KONFIRMANTAR
## 2020 I AUSTRHEIMKYRKJA



*Septembernummer – Kyrkjebakken nr. 6 2020, 49 årgang. Nytt stoff innan torsdag 15.nov*





# KYRKJEBAKKEN
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

**Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?**

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90


## Austrheim Kyrkjelyd

**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Rune Minde | 906 95 377 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |



## KYRKJEBAKKEN

**Redaksjonen**
Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as




# Gudstenester

*I AUSTRHEIM SOKN*

**For oppdatert informasjon sjå heimesida vår www.austrheimkyrkja.no eller ring kyrkjekontoret 56 16 72 90**

**25.sept kl. 18.00**
**Gudsteneste for alle**

**27.sept kl. 11.00**
**Konfirmantpresentasjon**
**27.sept kl. 13.00**
**50-årskonfirmantar**

**01.oktober**
**eldregudstenesta er diverre avlyst grunna korona.**

**18.oktober**
**Gudsteneste kl. 11.00**

**Laurdag 31.okt –**
**Open kyrkje frå kl. 17.00**
**Minnegudsteneste kl. 18.00**

### *Ein varm takk*

***for all deltaking , gode ord , fine blomster og helsingar ved vår far Olav Sognnes sin bortgang . Stor takk til Maria , Lisbeth og Håvard for vakker sang og musikalske innslag , Kjell Sekkingstad og Vatne begravelsesbyrå som gjordeseremonien til ein minnerik avskjed .***

***Anny , Gudny og Morten m. fam***

### *Hjerteleg takk*

***for all omtanke, blomster og hilsener ved vår kjære Aud Jorund Natås sin bortgang. En spesiell takk til hjemmesykepleien for omsorgsfull pleie.***

***Familien.***

# Verda blør

2020 vil brenna seg inn i historiebøkene som eit av dei mest utfordrande i verdshistoria. Ingen av oss er urørde. Ikkje minst framfor fjernsyn eller ved radio rundt i heimane er dette eit tema som fylgjer oss heile tida. Og midt i Koronaoppdateringa møter meldinga oss: Morialeiren har brunne ned til grunnen.

Og eg høyrer ropet til Gud, den allmektige: ”Korleis kan du tillata alt dette?” Eg kjenner og at eg er med i ropet. Men og denne bøna fyller mitt sinn: ”Ta ikkje di vernande hand bort frå vår verd, Gud. Lat dine haldningar og handlingar, bore fram av kjærleik, få rotfeste i oss og mellom oss.”For midt i alt dette vonde og vanskelege, er det eit anna fenomen som har synt seg: ei kjensle av fellesskap, varme og omsorg for menneske. Både dei som er ramma av sjukdom og arbeidsløyse, og no og for dei flyktningar som sit i botnlaus fortviling. På sosiale medier har «#50 er ikkje nok» breidd om seg og millionsummar blir samla inn til flyktningehjelp. Og eg kjende: ”Eg er ein del av dette. Verda er vorten mindre”. Helsepersonell vert møtt med applaus. Og nett denne varmen, som også er ein del av biletet, fortel om ei uhyre viktig side ved oss menneske: me har eigenskap til å kjempa for det gode.
Akkurat når ein opplever livet rammar ein hardast, kjem ein også lettast i nærkontakt med dei innerste i livet. Difor kan og dette vonde føra til viktige samtalar. Kva vil me verna om i vårt samfunn og i vår familie? Korleis kan me syna konkret takksemd overfor kvarandre og setja namn på det me set pris på?

I år vil vi og prøva noko nytt i samband med helgemessehelga: vi vil opna dørene til stille bøn og meditasjon lørdag ettermiddag, og avslutta med ei enkel gudsteneste. Der vil og namna på dei vi har fulgt til grava siste år bli lest opp. Vel møtt til å koma ærleg framfor Gud med det du ber på.

***Rune Minde***



# Austrheim sokn

## Døypte

**13.september:**

***Ludvik Sundfjord Straume***
***Amalie Rosnes Utkilen***

## *Har du bruk for dåpskjole ?*

Og ikkje har tilgang
til ein sjølv ?

Ta gjerne kontakt med ein av oss i Lindåsneset sanitetslag , me har dåpskjole som du kan få leige .

Ta gjerne ein tlf. til Anny Sognnes tlf. 95172936






KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY, MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM







**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!**
**Når kvalitet og service teller**

**SKARSVÅG**
**Rør og Interiør as**

MINI FRISØRSALONG

**Ønker velkommen**
**til gamle og nye kunder.**

Vi treffes på Åråshøgda 19.
Timebestilling: Man- Fre.
Telefon 56169200/ 95214616

***Alla Kurinna***

MNTF

***Tannlege***
***Otto Førde***
***i Mongstadkrysset***

***Jeg tar imot nye pasienter***
***og yter akutt hjelp.***

***Telefon vakt 56 16 98 35***

**Per Kenneth Bø**
BYGGMESTER

**Panasonic**
**Varmepumper**

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

GRAVFERDSGRUPPEN

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**
**56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

**Gravminner**

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: **www.oienstein.no**
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
**Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87**

# Min salme

I norsk salmetradisjon i motsetnad til Danmark, er ikkje årstidssalmar ein genre som fyller mykje, korkje i salmebok eller songtradisjon. Derfor er det desto meir gledeleg når nokon går inn i temaet, ikkje minst når det også kan brukast som metafor for å seia noko vesentleg om menneskelivet. Dette meisterstykket stod Voldaprofessoren Jan Inge Sørbø for i 1992 med salmen: Han gyller himlens tak i gullsinober. Den står på nr. 847 i salmeboka. Her undergår teksten ein rein transformasjon frå naturskildring i første vers, til eksistensiell omtale av menneskelivet i dei neste versa og sluttar av med at dei to sidene bliver sameina i det siste verset. Vi er så heldige at fleire som står sentralt i norsk litteratur også skriv salmar og på den måten tilfører norsk kristenliv og gudstenesteliv ein ekstra dimensjon. Melodikomponisten heiter Ivar Jarle Eliassen.
Seinast på Bjørgvin kyrkjesongforbund sin konsert her i mai 2019 framførde vi fleire av hans melodiar.
Han er mangeårig kantor i Nord Noreg og no rådgivar i det nordlegaste bispedømmet. Stemma til Ivar Jarle kan vera melankolsk og gjerne i slekt med nordnorsk visetradisjon. Denne melodien er hans meisterstykke og fortener all den medvind vi kan gje han her ute. Salmen er allereie teken i bruk både på Fedje og i Austrheim, og meldingane er at mange opplever å sjå ting frå ein heilt ny synsvinkel lagt inn i ein varm melodi der dei to siste linjene blir gjentekne og dermed gjev salmen eit meir symfonisk preg!

*Han gyller himlens tak i gullsinober.*
*Han heiser sola varsamt opp og ned.*
*Han helsar oss med sommar i oktober.*
*Han skifter fargar på kvart ospetre.*



## SMS-INTERVJU MED EVELYN RISNES BJØRNBEKK






Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter CATERING
Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



*«Den gode hensigt» foto:*
*Kjell Magnus Økland kyrstkultur.no*

# Sunnivaskrinet stoppa i Austrheim

På forholdsvis kort varsel vart Kilstraumen stoppeplass på kystpilegrimsseglasen med jekta «Den Gode hensigt» mellom 2. og 3.september. Arrangørane av kystpilegrimsseglasen fann ut at strekket mellom Eivindvik og Lygra, vart for langt til å ta i eitt jafs, difor ankra ein opp i Kilstraumen. Det vart likevel eit flott og minnerikt program for dei som møtte opp i Kilstraumen om kvelden 2.september. Jekta husa 4 ungdommar eller kystpilegrimar, som representerer ulike kristne konfesjonar. Pilegrimane og dei mannskapa som følgde med, fekk ei god natts søvn i huset til Rune Minde på Austrheim. Sunnivaskrinet overnatta i kyrkja.

Sunnivaskrinet som var med på seglasen, er ein kopi av det opprinnelege skrinet, som etter tradisjonen førte levningane av Sunniva frå Selja til Bergen for ganske nøyaktig 850 år sidan. Her vart skrinet sett opp på altaret i den gamle domkyrkja eller Kristkyrkja. Skrinet forsvann med kyrkja som vart riven i 1531. I 1170, som skal vera det året Sunniva sine levningar vart ført frå Selja til Bergen, så vart også bispesetet flytta derifrå og til Bergen.

Kopien av Sunnivaskrinet, som var med på denne ferda, inneheld helsingar og bøner frå konfirmantar og andre. Skrinet har overnatta i alle kyrkjene som har vore stoppestad langs ruta. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane langs leia, pilegrimssentra, FN -sambandet og bispedømet m.fl. Fokus langs leia har vore FN sine bærekraftsmål.

### *Fakta om st Sunniva:*

Legenda om Sunniva oppstod seint på 900 talet og vart nedteikna på latin omlag 1170. Segnet seier at Sunniva var ei gudfryktig irsk kongsdotter. Ho nekta å bli gifta bort til ein ugudeleg jarl, som ville leggja hennar landområde under seg. Sunniva og hennar følgje, la ut i opne båtar utan årer og segl, og rak i land på øyene i vest, Kinn og Selja, der dei slo seg ned. Dei vart likevel sett under angrep av heidenske nordmenn under Håkon jarl. Dei bad då til Gud om hjelp og vart bønnhøyrte på den måten at steinar frå fjellet under ei grotte på Selja raste ut og begrov Sunniva og hennar følgje. På den måten fall dei ikkje i hendene på sine forfølgjarar. Segnet seier vidare at levningane etter Sunniva var godt bevarte og vart sidan lagt i ei kiste, eller eit skrin – Sunnivaskrinet, som vart frakta til Bergen.

Selja er ein viktig stad i den første kristne historia i Norge. Her vart det også reist ei kyrkje og eit kloster. Olav Trygvasson fekk reist den første kyrkja her i 996 og etterkvart kom det opp eit benediktinarkloster.
Selja var inntil 1170 bispesete.
Kjelde: www.sunnivaseglas.no m.fl.



*Kystpilegrimane. Foto Helge Dyrkolbotn*



*Frå arrangementet i Kilstraumen. Foto: Helge Dyrkolbotn.*

# Åkle registrering

**Har du eit åkle liggjande heime eller på hytta som vi kan få registrera?**



Laurdag 3. oktober kjem fire veversker -
Elin Alver, Rannveig Reigstad,
Marta Kløve Juuhl og Kristi Skintveit -
til Kunsthuset i Austrheim for å registrera åkle som materiale til ei bok om åkle i vårt distrikt. Bak prosjektet står Nordhordland Husflidslag i samarbeid med Osterøy museum. Vi skal også samla kunnskap for ettertida, og er nyfikne på alt du veit om åkle ditt – og vi er like begeistra for eit heilt vakkert eitt og ei fille.

***Velkomne mellom 12 og 16.***
***Ta gjerne kontakt:***
***Randi Andersen 90032540***
***Anne Grete Breisnes 975 11 208***







## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUD-BIBLIOTEKET:

| | |
|---|---|
| **Onsdag** | **kl. 14.00 - 19.00** |
| **Tysdag og fredag** | **kl. 10.00 - 15.00** |

**Tlf.nr. 56 16 20 07**
E-post:
bibliotek@austrheim.kommune.no

**Tlf.nr. 56 16 21 61**
E-post:
fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no




Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:** 56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)